



Friluftsrådet Vest
Postboks 63
5575 AKSDAL

Dato: 17.12.2014
Vår ref.: 2014/20396-29
Saksbehandlar: hanespe
Dykkar ref.:

Tilskot til kartlegging og verdsetting av friluftsområde

Viser til vedlagte samarbeidsavtale om kartlegging og verdsetting av friluftsområder i kommunar 2014-2017.

Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder er forankra i Nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv (2014-2020), Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområder (2014-2020), Regional plan for folkehelse (2014-2025) og i høyringsforslag til Regional kulturplan (2015-25). Målet er at alle kommunar skal ha kartlagt og verdsatt sine viktigaste friluftslivsområder innan 2018. Då vert denne kartlegginga ei føresetnad for å kunne søke om statlege midlar til sikring av friluftsområder. I 2008 vart det i Hordaland gjennomført ei kartlegging og verdsetting av regionalt viktige friluftsområder i alle kommunane. Desse data skal implementerast i Naturbasen.no. Denne gongen er fokus sett på friluftsområder i nærmiljøet.

I juni 2014 lyste Miljødirektoratet ut ei tilskotsordning for fylkeskommunane knytt til kartlegging og verdsetting av friluftsområder med ei ramme på kr. 3,2 mill,-. Det vart stilt krav om 50% egne ressursar frå fylke og kommunar. Hordaland fylkeskommune bidreg med kr. 250.000,- og vart i tilsegnsbrev av 19.9 2014 tildelt kr 400 000 frå Miljødirektoratet. Kommunane hadde søknadsfrist 12.11 til Hordaland fylkeskommune, og det kom inn 9 søknadar. Alle søknadane fyller vilkåra for tildeling av tilskot.

Kultur og ressursutvalet tildelte i møte 2.12.2014 kr. 60.000,- til kartlegging og verdsetting av friluftsområder i Kvinnherad kommune. 75% av midlane vert etter avtale overført til Friluftsrådet Vest ved oppstart, dvs. kr. 45.000,- for å vere lokal prosjektleiar med ansvar for å koordinere arbeidet i tråd med M98-13 med oppfølging av arbeidsgruppe og referansegruppe, og har ansvar for rapportskrivning og implementering av data i Naturbase.no. Innan 1. mars 2015 skal de sende ein rapport til Hordaland fylkeskommune om status og framdrift i kor langt kommunane har kome med arbeidet Dette og rolla som prosjektleiar er nærmare skildra i vedlagte avtale. 25% av tilskotet vert utbetalt ved ferdigstilling av arbeidet, dvs. kr. 15.000,-.

For 2015 har Miljødirektoratet avsett kr. 5 mill. til denne ordninga. For å dekke opp kravet om 50% eigenandel har Hordaland fylkeskommune avsett kr. 428.000,- til kartlegging og verdsetting av friluftsområder i 2015. Fristen for kommunane å søke fylkeskommunen vert 15. februar 2015. Friluftsråd kan også søke på vegne av kommunar og me oppmodar at de motiverer dykkar medlemmar til å ta del i dette viktige arbeidet.

Lukke til vidare med dykkar gode arbeid med å skape ein aktiv kvar dag for folk i Hordaland!

Med venleg helsing

Anna Elisa Tryti
Fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld
Fylkesidrettssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.